



**BYGLAND
KOMMUNE**
Med hjarta i Bygland

Byglandsnytt nr. 51 – november 2023

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700,
post@bygland.kommune.no. www.bygland.kommune.no
Neste utgåve: 01. desember 2023. Send tips innan 28.11.

Setesdalsprisen 2023



Kjell Rune Heia fekk Setesdalsprisen 2023. Vi gratulerer! 🌸
Les meir s. 6/7

Opningstider Bygland kommunehus

- Sentralbord/**Publikumsmottaket**: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-frex kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

Kunngjeringar

Høyring på namnesak 2023/335 - Topteneset/Toptenes m.fl i Bygland kommune

Kartverket har fått melding om at det rette namnet på neset som i dag har namnet Jerpeneset i SSR, egentleg er Topteneset/Toptenes, og sender med dette saka på lokal høyring i kommunen.

Du kan sende svar på høyringa til Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland eller på e-post: post@bygland.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Kommunestyremøte:** 09.11. kl. 09.00
- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 13.11. kl. 12.00
- **Bygland ungdomsråd:** 13.11. kl. 15.30
- **Plan, miljø og ressursutvalet:** 14.11. kl. 09.00
- **Styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel:** 14.11. kl. 09.00
- **Levekårsutvalet:** 15.11. kl. 09.00
- **Formannskapet:** 16.11. kl. 09.00

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

- **Bygland legekantor**, Sentrum 18, 4745 Bygland
- **Evje legekantor**, Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

	Bygland	Evje
måndag		08.00 - 15.00
tysdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
onsdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
torsdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
fredag		08.00 - 15.00

Tannlegeklinikken i Bygland via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95

Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset


Folkebiblioteket i Bygland v/ Mari Rygg, tlf. 945 22 025

	Bygland	Byglandsfjord	veke 44 + 45
måndag	11.30 – 15.00	16.30 - 19.00	17.00 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15	-
torsdag	13.00 – 17.00		

Anna statleg informasjon

Passbilen kjem til Evje **torsdag 30. november**

For timebestilling/informasjon: www.politiet.no
eller du kan ta kontakt på politistasjonen på Evje.



Ledige stillinger i Bygland kommune

Bygland kommune, Økonomi og administrasjon:

Økonomi konsulent / rådgivar

Vi har ledig ei 100% fast stilling som konsulent/rådgivar

Søknadsfrist: 05.11.2023

Webcruiter-ID: 4708938558

Blant **arbeidsoppgåver** er det:

- Inngående fakturabehandling (under dette leverandør oppfølging)
- Remittering leverandørar
- Andre betalningar
- Bilagsbehandling

Kontaktinformasjon

Knut Olav Forgard

Stabsleiar økonomi og administrasjon

Telefon: 416 68 608 - E-post: knut.forgard@bygland.kommune.no



Bygland Kommune, helse - og omsorg: Avdelingsleiar open omsorg

Vi har ledig eit 100 % stilling som avdelingsleiar open omsorg

Søknadsfrist: 12.11.2023

Webcruiter-ID: 4722559732

Blant **arbeidsoppgåver** er det:

- Avdelingsleiar har hovudansvar for brukarar, samt dagleg oppfølging av økonomi, personale og fag.
- Rapporterer til tenesteleiar helse og omsorg.
- Turnusplanlegging
- Sakshandsaming og medikamenthandtering i samsvar med lover og forskrifter.
- Drive opplæring og rettleiing av tilsette.
- Samarbeide med brukarar, pårørande og frivilljuge.

- Samhandling på tvers av avdelingar for å sikre eit heilhetleg pasientforløp.
- Arbeide med kvalitetsforbetring.

Kontaktinformasjon

Leif Sigurd Helle

Tenesteleiar helse og omsorg

Telefon: 950 52 813

Bygland Kommune, Pleie- og omsorg: Ledige helgestillingar i pleie - og omsorgseininga (deltid)

Søknadsfrist: snarast

Webcruiter-ID: 4706676341

Om stillinga

Pleie- og omsorgseininga i Bygland kommune er lokalisert på Byglandsheimen. Det er ein sjukeheim med 12 langtidsplassar, 6 plassar i bufellesskap for demente og 4 korttidsplassar. Open omsorg har også base på Byglandsheimen, og har ansvar for å levere tenesta heimesjukepleie til heimebuande brukarar. Open omsorg har og ansvar for 6 plassar i bufellesskap for eldre og 8 omsorgsbustadar som er lokalisert på Byglandsheimen. Rehabiliteringstenesta er lokalisert på Byglandsfjord. Her ligg eit tun med totalt 7 bustader med døgnbemanning. I dag brukast bustadane til brukarar med psykisk utviklingshemming.

Me har no fleire ledige stillingar som sjukepleiare og helsefagarbeidar i helgestillingar. Vi søker difor etter fleire dyktige medarbeidarar som kan bidra til å styrke vårt team av dyktige tilsette.

Kontaktinformasjon

Marthe Alvilde Håvorstad Homme

Avdelingsleiar, Helse

Telefon: 908 15 191

Leif Sigurd Helle

Tenesteleiar helse og omsorg

Telefon: 950 52 813

Bygland Kommune, Bygland og Byglandsfjord oppvekstsenter: Lærer (vikariat)

Ved Byglandfjord skule er det ledig eit 50 % vikariat som lærar frå snarast og ut skuleåret 2023-2024.

Ved Bygland skule er det ledig eit 100 % vikariat som lærar frå snarast og ut skuleåret 2023-2024.

Søknadsfrist: snarast

Webcruiter-ID: 4723501654

Blant **arbeidsoppgåver** er det:

- Undervisning på alle klassetrinn frå 1.-10.-trinn
- Undervisning i grunnleggande norsk for språklege minoritetar kan bli aktuelt
- Samarbeid med heimane og andre tilsette ved oppvekstsenteret.
- Pedagogisk utviklingsarbeid innom og på tvers av team.

Kontaktinformasjon

Lene Fjerdingstad

Assisterande tenesteleiar Bygland skule

Telefon: 97506414 - E-post: lene.fjerdingstad@bygland.kommune.no

Linda Hemmestad Dale

Assisterande tenesteleiar Byglandsfjord skule

Telefon: 41302416 - E-post: linda.dale@bygland.kommune.no

Bygland Kommune, Bygland og Byglandsfjord oppvekstsenter: Fagarbeidar/Barne- og ungdomsarbeidar

Byglandsfjord barnehage: Inntil 100% fast, Byglandsfjord skule, Inntil 200% fast og Bygland skule: Inntil 50% vikariat.

Søknadsfrist: snarast

Webcruiter-ID: 4721913285

Blant **arbeidsoppgåver** er det:

- Dagleg omsorg og oppfølging av barn/elevlar inne og ute
- Legge til rette for aktivitet og læring
- Støtte og rettleie barn i sosialt samspel, og bygge fellesskap
- Samarbeide med føresette og tilsette

Kontaktinformasjon

Siw Homme

Assisterande tenesteleiar Byglandsfjord barnehage

Telefon: 95116960 - E-post: siw.homme@bygland.kommune.no

Linda Hemmestad Dale

Assisterande tenesteleiar Byglandsfjord skule
Telefon: 41302416 - E-post: linda.dale@bygland.kommune.no

Sigrid Greibrokk

Assisterande tenesteleiar Bygland barnehage
Telefon: 95746056 - E-post: sigrid.greibrokk@bygland.kommune.no

Lene Fjerdingsstad

Assisterande tenesteleiar Bygland skule
Telefon: 97506414 - E-post: lene.fjerdingsstad@bygland.kommune.no

Setesdalsprisen 2023 til Kjell Rune Heia

Torsdag 26. oktober vart det skipa til Setesdalskonferansen 2023 på Hovdestøylen.

Under festmiddagen same kveld ble Kjell Rune Heia frå Bygland tildelt Setesdalsprisen 2023.

Bygland kommune gratulerer! 🌸



Bilete: Kjell Rune Heia på Setesdalskonferansen 2023. Fotograf: Camilla J. Høibraaten

Grunngivinga til juryen:

Setesdalsprisen gis til en person eller ei virksomhet som over tid har bidratt til verdiskaping og positive ringvirkninger i Setesdal. Altså til ei verksemnd, eller en person som bidrar til vekst og utvikling, og som er viktig for hele regionen.

Juryen har i år bestått av:

ordførarane i dei 5 kommunane i regionsamarbeidet, Sveinung Hovstad frå Innovasjon Norge, lokalt næringsapparat ved næringsssjef i Åseral kommune, Øyvind Moltumyr, og Wenche Fresvik frå Agder fylkeskommune.

Setesdalsprisen 2023 går til en person som ikkje gir seg. Vedkommande er en tålmodig optimist, som seier bare en får testa og tenkt nok, så får en det gjerne til til slutt.

Og vinnaren av Setesdalsprisen 2023 har virkelig fått det til. Han har en genuin interesse for nye tankar og idear, og dette er mye av drivkrafta og styrken hans.

Med teknisk fagskole i botn begynte han sin karriere i Aker Solutions. Etter kvart gikk han over til Seadrill og jobba fleire år i utlandet før han vendte heim.

Og heim. Ja, det er i Bygland.

Årets prisvinner meiner at det nettopp er mangelen på formell kunnskap som er hans fortrinn – der andre nyttar meir strukturert metodikk bare gyver han på, gjerne i ukonvensjonell og «feil» rekkefølge. Når andre seier det ikkje går, så fortsetter han for å finne gode løysningar.

I februar 2012 starta han selskapet RVD og dreiv det til han i september 2014 ble daglig leder i Skild AS som seinare fikk namnet Containertech. Containertech leverer avanserte renseløysingar for vann fra tunnel- og vegprosjekt. I tillegg til et breitt spekter av andre tekniske, gjerne containerbaserte, løysingar.

Ja, sjølvsagt - vi snakkar om Kjell Rune Heia.

Årets prisvinner er ikkje bare opptatt av teknologi og maskiner. For å låne orda til en tidlegere lærer som hadde Kjell Rune som elev:

*Ynskjer du arbeid i Bygland søke
kan du på kontoret til Kjell Rune møte,
manglar du CV eller ber på «tunge lass»
vil han hjelpe deg med å finne ein høveleg arbeidsplass.*

Vi gratulerer og ønsker lykke til vidare!

Drift og forvaltning

Vassmålaravlesing

Drift og forvaltning er no i gong med å sende ut SMS om vassmålaravlesing til alle dei har mobilnummer til. Om du er blant dei som får SMS, har du 5 dagar til å svare på den.



Alle dei som ikkje mottok SMS, får avlesingsskjema pr post, eller du kan hente vassmålaraskjema på Bygland kommune si heimeside.

Vi set pris på å få tilbakemelding/skjema så raskt som mogleg.

Kontakt

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland
T: 37 93 47 00 - E: post@bygland.kommune.no

Folkemøte om ENØK

Torsdag 26.10.2023 blei det halde informasjonsmøte om kommunen sitt klimaarbeid og eksterne aktørar heldt foredrag.



Helge Aschjem frå Glava orienterte om klimavenleg oppgradering av eldre bygg og framtida sine krav.

Banksjef Knut Kjetil Mjøen i Evje og Hornnes sparebank gav ei inspirerende innføring i bankane handtering av berekraft og grønne lån.

Vår eigen klimakontakt Even Simensen orienterte om korleis kommunen arbeider på klimafrenten og FN sine berekraftsmål, kva kommunen kan hjelpe med og korleis innbyggjarane kan søkje ENOVA sine ulike ordningar.

Ein oversikt over kommunen sitt klimafokus er:

- MARA, som handlar om mobilitet og tilgjengelegheit i rurale område
- EL – bil lading i kommunen
- Klima i kommuneplanssamanheng
- Klima og energiplan
- Miljøfyrtårn
- Innkjøpsreglement
- Klimavenlege innkjøp
- Hack the climate

Det blei ein interessant kveld og gode dialogar mellom dei frammøtte og foredragshaldarane.

Symjehallen på Bygland

Arbeidet med nytt ventilasjonsanlegg pågår for fullt, og planen er å kunne starte familiebadninga i slutten av veke 45.



Søknadar om motorferdsel i utmark

Alle snøskuterløyver som blei gitt i perioden 2019 – 2023 må fornyast. Me ber søkjarane om å bruke heimesida sine søknadsskjema og kartlink for å beskrive søknaden best mogleg.



Grunna ei større søknadsmengde, så kan det take noko tid før alle får svar. Dei søknadane som er komplette vil bli prioriterte.

Krypsivarbeid

Amfibieservice har i sommar arbeidd med å klyppe krypsiv i området nord for Ose. Krypsivprosjektet held også fram arbeidet med å finne nye og effektive metodar å fjerne krypsivet på. Olav Øygarden, Torstein Øygarden og Åge Hansen i NOR DAN Composites A/S på Evje er teamet som held på.



Bilete frå 10/2022: Olav Øygarden med krypsivkosten på Åraksfjorden. Fotograf: Setesdølen

Forsøka i år går på å teste ut pumper som kan suge opp krypsivet på fjorden før det når land. Dette er eit spennande prosjekt som me har tru på for framtida, og prosjektdeltakarane sin kompetanse og engasjement er til å bli stolte av. Det er ei god blanding av nytenking, praktisk og teknisk kunnskap som driv prosjektet.

Bygland stasjonsområde

Der har skjedd ein del i sommar. Verkstadbygget er måla og meir grus og forskjønning av området har skjedd. Og ikkje minst så blir det retta stor takk til dugnadsgjengen som er på området og steller



areala med planting, raking og vedlikehald heile sommaren.

Arbeidet med Priveten er i god gang. Nytt tak og utvendige reprasjonar blir meir eller mindre ferdige før nyttår. Oppmuring av pipe vil skje utpå vinteren. Handtverkarar som kan det faget har mykje å gjere, diføre litt forseinka med dette. Målinga av bygget vil også skje til våren 2024.

Bleka

Fisk – og vassdragsforvaltaren har gjennomført det meste av programfesta prøvefiske. Dette blir gjort for å overvake utviklinga av Blekebestanden frå år til år. Me vonar at årets prøvefiske viser ei positiv

utvikling, men pr no er det for tidleg å seie noko om bestandsstatusen samanlikna med tidlegare år.



Nytt pasientvarslingssystem

På Byglandsheimen blir det no utført eit større elektriskarbeid med tanke på å leggje til rette for nytt pasientvarslingssystem. Like over nyåret blir dette systemet montert og det er store forventingar til at det blir veldig fint for både bebuarane og dei tilsette.



Bilete: Byglandsheimen. Fotograf: Margit Smedsland

Jordbruk i Bygland

Ulike utgreiingar til kommuneplanen sin arealdel blir fortlaufande arbeidd med. Ei kartlegging i samband jordbruks-situasjonen konkluderer med at



Bilete: Hesjer på Lauvdal. Fotograf: Inge Olav Fjalestad

i perioden 2007 til og med 2023, så har det blitt dyrka 350 daa nytt jordbruksareal i kommunen.

Dette i sterk kontrast til mange andre kommunar der anna utbygging bidreg til store tap av dyrka mark. Desse tala gir grunn til å feire for Bygland sin del, og til å gi honnør til alle gardbrukarane som tørr å satse. Talet som driv aktiv produksjon i jordbruket (søkjer produksjonstilskott) i 2023 er 42 bruk. Dette er ein positiv auke frå det det lågaste året, i 2007, då det var 37 søkjarar. Fleire nye satsingar er på gang m a i Jordalsbø der det er planleggast og byggast for mjølkeproduksjon og gardsysteri. Dette blir heia på.

Vintervedlikehald på kommunale vegar

Snøen er like om hjørnet.

Følgjande entreprenørar har ansvaret på dei kommunale vegane i Bygland komande vinter:



Rode Longerak – Byglandsfjord:	Krister Bolstad
Rode Bygland m omeng:	Øivind Aakhus
Rode Sordalsvegen:	Arne Bjørgum og Agder fylkeskommune
Rode Åraksbø / Haugetveit / Sandnes	Arne Bjørgum
Rode Langs Rv 9 nord for Storstraumen	Svein Helge Nomeland
Rode Frøyraak / Dale / Nesmoen	Øivind Aakhus og Agder FK

Samfunnsutvikling og Plan

Dagsturhytta Agder

I veka 43 ble Dagsturhytta Utsikten i Grendi sett opp.

Driftstilsyn

Kan du eller eitt lag/foreining tenke deg å ha det årlege driftstilsynet med Dagsturhytta Utsikten i Grendi?

Driftstilsynet vil innebere dette:

- Generelt tilsyn av hytta og området rundt.
- Rydding/vask/feiing ved høve.
- Sjå etter og halde orden i hyttebiblioteket i hytta.
- Vedlikehald når det trengs. Utgifter til reparasjonar og vedlikehald må vere avklart med kommunen før arbeidet blir sett i gong.
- Halde tilsyn med solcelleanlegget og vedomn.

Om dette er noko av interesse, ta kontakt med **Inger Siri Lidi** i Bygland kommune på tlf. 952 10 915, eller sende e-post til post@bygland.kommune.no.



Helse og Omsorg

BYGLANDSHEIMEN

Open dag - onsdagar kl. 11.00 – 14.00

Velkomen til hyggeleg treff i Storstoga på Byglandsheimen med kaffe, ein smakebit og varierende underholdning.

Ansvarleg: Kenneth Fyhn, tlf. 90 22 55 03, trivselskoordinator på Byglandsheimen

Konsert med Oddvar Høgevoll

Onsdag 08.11. kl. 17.30 spiller Oddvar Høgevoll, det blir kjente country-gospel og god stemning.

Mandag 27.11. kl 10.00 kommer barnehagen og baker pepperkaker.



Bilete: Byglandsheimen av Margit Smedsland



Oddvar Høgevoll kommer og spiller onsdag 8 November kl 1730

VAKSINERING

Koronavaksinerings

Bygland kommune tilbyr drop-in-vaksinering på legekantoret på Bygland

fredag 10. november frå kl. 10.00 – 14.00

Kven bør ta koronavaksine?



- Personar i aldersgruppa 65 år og eldre, og sjukeheimsbebuarar.
- Personar i aldersgruppa 18 - 64 år som inngår i ei risikogruppe.
- Ungdom i aldersgruppa 12 - 17 år med alvorleg grunnsjukdom.
- Barn 6 månadar - 11 år med alvorleg grunnsjukdom dersom barnet sin lege vurderer dette som viktig
- Gravide i 2. - 3. trimester. Vaksinasjon i 1. trimester kan bli vurdert dersom den gravide har tilleggssjukdommar som gir ytterlegare auka risiko.

For utfyllande informasjon om risikogrupper og barn og unge med alvorleg grunnsjukedom, sjå FHI sin nettside: Informasjon om koronavaksine – FHI.

Influensavaksinerings

Dersom du ønskjer å få influensavaksinen på legekantoret på Bygland, kan du ringe Evje og Bygland legesenter på telefon: 374 07 900, og bestille time til det.

Oppvekst

Klassequizen 2023

10. klasse ved Bygland oppvekstsenter avdeling skule hadde klassequiz tysdag 24.10. Det blir sendt fredag, 27.10. klokka 16.30 på NRK P1 sørlandet. Elevane fekk heile 8 poeng.

Frå venstre: Benjamin Nilsen, Nora Besteland og Gunnar Øvergård Dahle.

Fotograf: Gunstein Attestog.



Askeladden friteater på besøk på Bygland 🦊

Tysdag 24.10., vart det samling på biblioteket på Bygland for Bygland barnehage og 1. – 4. trinn på Bygland skule. Vi hadde besøk av teaterframsyninga «Askeladden og dei gode hjelparane». Ei morosam tolking av det tradisjonelle eventyret av og med Askeladden friteater.



Bilete: Askeladden friteater på besøk på Bygland. Fotograf: Sigrid greibrokk

Ei flott stund på biblioteket med god stemning og engasjerte barn. Når framsyninga var over på Bygland gjekk turen vidare til Byglandsfjord oppvekstsenter.

Ungdomsskulen laga eiga stavkyrkjemodell 😊



Bilete: 10. klasse på Bygland skule med stavkyrkjemodell. Fotograf: Bygland skule

I samband med kulturdagane på Bygland skule, var ungdomsskulen på omvisning på Setesdalsmuseet. Der fekk dei mellom anna sjå stavkyrkjemodellen, og dei fekk eit interessant foredrag av Øyvind Jacob. Inspirert av hylstringane, sette 10. trinn i gong med å bygge sin eigen modell, etter ei teikning av Heddal stavkyrkje. Lærarane Olav Arnfinn Arneberg og Gunstein Attestog legg til rette for det flotte prosjektet til 10.trinn.

Kultur

Endra opningstid på biblioteket på Byglandsfjord veke 44 og 45

- **Byglandsfjord:** måndag kl. 17.00 og 19.00



Kyrkjene i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

bygland.kyrkelyd.no og på Facebook.



Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjevevjerje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159

Gudstenester (med atterhald)

- søndag 05.11. kl. 11.00: Gudsteneste i Sandnes kyrkje, Åraksbø v/ Kjell Steinbru. Organist: Knut Olav Uppstad.
- søndag 19.11. kl. 11.00 Gudsteneste i Årdal kyrkje, Grendi v/ Kjell Steinbru. Organist: Knut Olav Uppstad



Bilete: Sandnes kyrkje av Susanne Hegenscheidt

Andakter på Byglandsheimen

- tysdag 31.10. v/ Knut Gakkestad
- tysdag 14.11. v/ Kjell Steinbru

Konfirmantundervisning v/ Kjell Steinbru på Vonheim, Bygland

- tysdag 07.11., kl. 14.30
- tysdag 28.11. kl. 14.30

Vonheim bedehus, Bygland

- onsdag 08.11. kl. 19.00 Kveldsmøte
Oddvar Høgevoll taler, synger og spiller
- onsdag 15.11. kl. 19.00 Kveldsmøte
Torgeir Nygård taler. Ann Kristin Persson
Nygård synger og spiller.



Bilete: Vonheim bedehus, Bygland. Fotograf: Siri Johannesen

Ukraina-kveld på Vonheim torsdag 16. 11. kl. 18.00

Velkomen til ein ny kveld med våre ukrainske naboar på Vonheim bedehus på Bygland.



Grafik: S. Hegenscheidt

Det blir ukrainisk mat, underholdning og god stemning.

Vi gleder oss på ein fin kveld i god naboskap.

Helsing flyktningkonsulentane i Bygland

Marianne og Beate

Soknerådet

Det nye soknerådet i Bygland og Årdal sokn

1. Ann-Cecilie Andersen, f. 1969, Bygland
2. Øivind Aakhus, f. 1961, Bygland
3. Tor Austad Bjørgum, f. 1990, Austad
4. Gro Tove Frafjord Sandnes, f. 1974, Sandnes
5. Liv Sigrun Upsal, f. 1967, Byglandsfjord
Even Simensen, f. 1985, Bygland

Vara (1. vara møter fast)

1. vara Susanne Hegenscheidt, f. 1970, Åraksbø
2. vara Christina Ahlsrød Besteland, f. 1970, Langeid

I det konstituerande soknerådsmøte tysdag 31.10. kl. 19.00 på Vonheim bedehus ble det bl.a. vald ny soknerådsleiing:

Samrøystes vedtak:

- Gro Tove Frafjord Sandnes var vald som ny soknerådsleiar.
- Susanne Hegenscheidt vart vald som ny nestleiar og medlem av styret i Øvre Otredal Prostidiakonisamarbeid.

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Bygland frivilligsentral, Sentrum 18,
4745 Bygland, e-post: post@bygland.no,
frivilligsentral.no. Nettside:
bygland.frivilligsentral.no



INFO: **Olav Grendstad** er vikar for Anne Fauske på **BUA**, tlf. 945 02 858

Guro Kvaale Skibrud er vikar for Anne Fauske på **Bygland frivilligsentralen**. Friviljuge vil fortsatt vere engasjerte, men med Guro som ansvarleg. Alt av spørsmål kan rettes til henne, tlf. 906 65 459.

Ved andre spørsmål ta kontakt med leiar samfunnsutvikling/assisterande kommunedirektør **Aslak Jørundland Brekke**, tlf. 916 93 675.

Opne aktivitetar:

- BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Bygland frivilligsentral:

- **Språkkafé:** tysdagar 07.og 21.11. kl. 12.00
- **Bingo:** tysdagar 07.og 21.11. kl. 18.00
- **Strikkekafe:** torsdagar 02. (på Brygga!) og 16.11. kl. 18.00 – 21.00
- **Tysdagcafé:** tysdagar 31.10., 14. og 28.11. kl. 12.00
- **Bygdemiddag:** tysdagar 31.10., 14. og 28.11. kl. 16.30 – 18.00
- **Styrketrening:** kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30 – Byglandshallen
- **Seniorsenter:** måndagar 06. og 20.11. kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord

Bygland ungdomsklubb (ikkje i skuleferien eller høgtider)

mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)
mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)
ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)
1x/månad: fre: 18.00 - 21.00, 5. -7. kl. (Årdalshallen) og
lau: 19.00 - 23.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)



Datatreff / Gaming på Bygland kulturscene

Fredag 03.11. kl. 17.00 til laurdag 04.11. kl. 12.00 blir det skipa til datatreff og gaming samt overnatting på Bygland kulturscene. Ungdommane tar med datautstyr sjølv.

Følg med på ungdomsklubben sin Facebook-side.

Tømekalender for Bygland kommune – november 2023

- *Matavfall og glass/metall*: veke 44: torsdag 03.11.
- *Matavfall og restavfall*: veke 46: torsdag 16.11.
- *Papir og plast*: veke 48: tysdag 28.11.
- *Matavfall og glass/metall*: veke 48: torsdag 30.11.

Gjenvinningsstasjoner

Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i måneden kl. 14.00 – 18.00 (08.11.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (25.11.)

Syrteit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00–13.00 (11.11.)
Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt NR. 51

Bilete: Framside: Revsnes hotell av Johannes Hansen. Innhold (m. m. anna er spesifisert): pixabay.com, S. Hegenscheidt, Anne Fauske. Kva skjer: Anne Turid Bjørnstad Frøysnes. 🌸


Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur: Ingen i denne utgåva. Byglandsnytt desember 2023: 01.12., skrivefrist 28.11.



KINO PÅ BYGLAND

Bygland Filmklubb - søndag 05.11.
kl. 19.00: Asteroid City (2023)

Stad: Bygland kulturscene
Aldersgrense: Tilatt for alle
Inngang: 50,-



Wes Andersons siste film i sjangeren komedie/romantikk. Han er kjent for å lage filmer som er helt særegne både i fortellerstil og visuelt. Handlingen i Asteroid City er lagt til en amerikansk ørkenby på 1950-tallet, der familier samles for en "Junior stargazer-konvent", som blir avbrutt av hendelser som får verdensomspennede konsekvenser. Asteroid City er fargerik, stilisert og proppfull med store stjerner som bla. Scarlett Johansson, Jason Schwartzman, Tom Hanks og mange flere.

Bygdekinoen på Bygland kulturscene – onsdag 15. november 😊

Kiosk: Framsteg 4H

kl. 17.30: Den første jula i Skomakergata (6 år)

Omtale:

Det er første jul etter krigen og Stine (9) kjem åleine med toget til Skomakergata. Der søker ho ly hos skomakar Andersen, som viser seg å vere ein gretten og einsam mann som trivst best åleine. Møtet mellom dei to skal forandre liva deira for alltid. Den første jula i Skomakergata fortel historia om korleis ein ukjend, lita jente på leiting etter ein ny familie, får Skomaker Andersen til å innsjå at livet er best når ein kan dele det med dei ein er glad i.

Billettpris: 110 kr

Filmfakta:

Regi: Mikal Hovland. Språk: Norsk Produksjonsår: 2023.

Skodespelarar: Kåre Conradi, Kaya Ekerholt McCurley, Håkon Seip, Lene Kongsvik, Mathias Luppichini, Rebekka Nystabakk, Nils Petter Mørland, Oscar Wicken, Iman Meskini, Lisa Tønne, Gro Ann Uthaug, Jan Sælid, Kristoffer Olsen, Martin Lepperød, Olav Waastad, Anders Sanzen, Truls Pedersen, Grim Syverud, Beata Anna Jaworska

Sjanger: Familiefilm. Nasjonalitet: Noreg. Lengd: 1t. 35min. Alder: 6 år

kl. 19.30: There's something in the barn (12 år)

Omtale:

Etter å ha arva ein gard i Gudbrandsdalen flyttar ein amerikansk familie til Noreg for å komma nærare røtene. Ein livslang draum går i oppfylling. Men mystiske ting byrjar snart å skje, dei er nemleg ikkje dei einaste som bur på garden. I mørket skjuler det seg ein skapning ein tidlegare trudde berre tilhørde norsk folketru – sjølvaste fjøsnissen. Om ikkje handtert rett, vil den vesle nissen gjera draumen deira om til eit forferdeleg



mareritt. Reglane er tilsynelatande enkle: Ingen sterke lys, ingen høge lydar, og det aller viktigaste – ikkje gløym å gi han graut på julaftan!

Billettpris: 130 kr

Filmfakta:

Regi: Magnus Martens. Språk: Norsk Produksjonsår: 2023

Skuespillere: Martin Starr, Amrita Acharia, Kiran Shah, Townes Bunner, Zoe Winther-Hansen, Calle Hellevang-Larsen, Henriette Steenstrup, Jeppe Beck Laursen. Sjanger: Horror /Komedie. Nasjonalitet: Norge. Lengde: 1t. 37min. Alder: 12 år

YMSE

STOGA kulturkafé og BYGLAND

TURISTKONTOR, Presteneset 10,
4745 Bygland, tlf. 907 81 105

open

- fredagar kl. 15.00 – 19.00
- sundagar kl. 11.00 – 17.00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og over enkelte turar
- fiske og fiskekort i Bygland / info om bomvegar i Bygland
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker

BYGLAND MUSEUM

Presteneset, Bygland

- sundagar kl. 11.00 – 17.00 t.o.m.
03.12.

Bygland museum er del av Setesdalsmuseet

STOGA BTW - Bygland teater workshop

for unge. Torsdag kl. 15.00 – 17.30.

Instruktører: Olav Grendstad, Astrid Carlsen, Karna Emblemsvåg.

Bygland Næringslag: Orientering om kunstig intelligens – torsdag 09.11. kl.

18.00, Stoga café, Bygland

Bygland Næringslag tek sikte på arrangere ein møteserie om korleis høgteknologi og



Bilete: Olav Grendstad



Bygland Næringslag

kunstig intelligens kan vere til hjelp for folk i kvardagen, og til å møte utfordringar og utnytte mulegheitene i samfunns- og næringslivet, og oppretthalde velferden i Setesdal.

Det fyrste av desse møta vert halde på Stoga i Bygland, torsdag den 9. november 2023, kl 18:00. Då vil spesialrådgjevar for politikk og digitalisering i Finansforbundet, **Ingeborg Frøysnes**, gje ei orientering om kva kunstig intelligens er, og korleis dette kan nyttast i kvardag og arbeid. Orienteringa byggjer på møter og innleiingar til paneldebatter som ho har organisert på Arendalsveka i år. Ho har arbeidd med kunstig intelligens sidan 2017.

BJOREN BRYGGE på Presteneset på Bygland – sjå også på Facebook



November
Bjoren Brygge

Torsdag 2.11
åpent frå kl 14-21

Laurdag 4.11
åpen pub 19-01

Torsdag 9.11
Quizz

Laurdag 11.11
Demo night..

Torsdag 16.11
åpent frå kl 14-21

17&18.11
åpent før og etter revy'en
17-01

Torsdag 23.11
åpent 14-21

Torsdag 30.11
åpent frå kl 14-21

93262168 Nina



Meny
Bjoren Brygge

Torsdag 2.11
Setesdalsuppe & lepse

Torsdag 9.11
Ris & gryterett

Torsdag 16.11
Komper

Torsdag 23.11
koteletter med tilbehør

Torsdag 30.11
Lasagne salat&brød

Fint om ein tingar
på førehand..
93262168 Nina

Kong Hanes Eftf – onsdagar kl. 19.30
musikkrom, Bygland skole
Øvingsdag: 25. november!

Byglandsfjord barnekor – annankvar
mandag kl. 17.00, Fredheim bedehus,
Byglandsfjord (06. og 20.11.)



Bygland Hornmusikk – kvar tysdag kl.
18.00 på Bygland kulturscene



Bygland Dramatiske Selskab: Revy **Halvvegs til Hovden** på
Bygland kulturscene fredag 17. og laurdag 18.11. kl. 19.00

Halvvegs til **9** Hovden

Fredag 17. og laurdag 18. november
kl. 19.00 på Bygland Kulturscene

REVY

Sal av kaffe og kake
Billettpris: 250,-

Sal av billetter:
COOP MARKED OSE
MATKROKEN / HAUGÅ LANDHANDEL
DATABUTIKKEN EWJE eller SMS til 415 11 136

Byglandsfjord grendelag: **Juleverkstad i Årdalshallen** onsdag 15.11.
kl. 17.00

**Byglandsfjord Grendelag har i år igjen. gleden av å
invitere alle barn til juleverksted. i Årdalshallen på
Byglandsfjord Onsdag 15 November. klokka 17.00 🧑🏻**
**Denne ettermiddagen trenger barna en voksen
med seg og alle store å små vil få servert pølser i
brød/ lompe.**

😊 så du trenger ikke å tenke på middag denne
dagen 🧑🏻 🧑🏻

**Vi ønsker påmelding innen Fredag 10.Nov.
og skriv gjerne hvor mange barn og alder på
barna.**
Juleverkstedet er gratis.



Påmelding til Kirsten:48256857

**Ta gjerne nisselua på og kom å lag god
julestemning sammen med oss alle 🧑🏻 🧑🏻**

🧑🏻 **Julehilsen fra Byglandsfjord Grendelag** 🧑🏻

Setesdal Spelemannslag – november 2023

- onsdag 01.11. kl. 19.00 Teledans 1 av 2 Nybegynner, Ose Grendehus, Sondre Rua Dokken
- fredag 10.11. kl. 18.00-kl.21.00 Evaluering av folkemusikkfestivalen. Servering rjomegraut og spekemat, Sølvgården Hotell, Astri
- fredag 10.11 kl. 21.00 Kvedepub, Sølvgården Hotell, Kirsten
- laurdag 11.11. kl. 12.00-16.00 Dommelidekurs for framtidige instruktører (Gorrlaus), Hylestad Soknehus, Gorrlaus
- fredag 24.11. kl.20.00 Knut Buen, hardingfele og Håvard Svendsrud, trekkspel, Sølvgården Hotell, Setesdal Spelemannslag
- onsdag 29.11. kl. 19.00 Teledans 2 av 2 Sæbyggjen, Valle, Sondre Rua Dokken

Hang Out Jam på ungdomshuset på Bygland

Aldersgrense: 12 – 18 år. Inngang: kr 50,-

Noe du lurer på?

Kontakt Terje, tlf. 905 63 388 eller Karna, tlf. 959 63 272

NOE DU LURER PÅ?
KONTAKT
TERJE: 905 63 388
KARNA: 959 63 272

18/11
18:00


~~FORELDRE~~

ALDERSGRENSE
12-18 ÅR

INNGANG: 50,-

UNGDOMSHUSET
PÅ BYGLAND

HANG OUT JAM



KVA SKJER I BYGLAND?

NOVEMBER 2023

(med atterhald om endringar)

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
fredag 03.11. – laurdag 04.11.	Bygland Ungdoms- klubb, Bgl. kulturscene	17.00– 12.00	Datatreff / Gaming
sundag 05.11.	Sandnes kyrkje	11.00	Gudsteneste på Åraksbø
	Bygland filmklubb, Bgl. kulturscene	19.00	Film: Asteroid City (for alle)
onsdag 08.11.	Byglandsheimen	17.30	Konsert med Oddvar Høgevoll
	Vonheim bedehus	19.00	Kveldsmøte v/ O. Høgevoll
fredag 10.11.	Bygland legekontor	10-14	Drop-in koronavaksinering
tysdag 14.11.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
	Bgl. frivilligsentral	16.30	Bygdemiddag
onsdag 15.11.	Byglandsheimen	11-14	Open dag
	Byglandsfjord grendelag, Årdalsh.	17.00	Joleverkstad (sjå s. 22)
	Vonheim bedehus	19.00	Kveldmøte v/ T. Nygård
	Bygdekinoen på Bygland kulturscene	17.30	Film 1: Den første jula i Skomakergata (6 år)
		19.30	Film 2: There's something in the barn (12 år)
torsdag 16.11.	Flyktningstenesten; Vonheim, Bygland	18.00	Ukraina-kveld på Vonheim bedehus (sjå s. 15)
fredag 17.11. + laurdag 18.11	Bygland Dramatiske Selskab, Kulturscene	19.00	Revy Halvvegs til Hovden (sjå s. 21)
laurdag 18.11.	Ungdomshus Bygl.	18.00	Hang Out Jam (sjå s. 23)
sundag 19.11.	Årdal kyrkje, Grendi	16.00	Gudsteneste
onsdag 21+29	Byglandsheimen	11-14	Open dag
Måndag 27.11.	Byglandsheimen	10.00	Barnehagen kjem
tysdag 28.11	Byglandsheimen	14.00	Andakt
	Bgl. frivilligsentral	16.30	Bygdemiddag

Bygland frivilligsentral: sjå s. 16